

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
089/16	Formannskapet	PS	25.08.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA - Q37	14/1577

Klage på avslag på nytt busstopp

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune opprettheldt avslag av 14.11.2014 på nytt busstopp. Avslaget er grunngjøve med at plassering av nytt busstopp ikke er eigna for snuing av buss og at avstanden på 493 m til eksisterande busstopp fra bustad ikke er urimeleg og ligg godt innanfor skyssgrensa på 2 kilometer. Ein vurderer ikke vegna som farleg eller vanskeleg.

Formannskapet - 089/16 - 25.08.2016

FS - behandling:

Fellesframlegg:

Saka vert utsett og handsama i neste møte.

Fellesframlegget vart samråystes vedteke.

FS vedtak:

Saka vert utsett og handsama i neste møte.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Annette Brugger søkte 03.11.2014 om nytt busstopp i Njøten. 14.11.2014 vart det gjeve avslag på søknaden da krav til snuplass ikke er eigna for buss. Annette Brugger klagar på vedtaket i brev av 20.11.14.

Vurdering

Skuleskyss er regulert i Opplæringslova § 7-1, del 1:

"Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda."

I Njøta har søker ønskje om å flytte snuplassen for skulebussen til ca 250 meter nærmere eigen bustad. Der er eit vegkryss med postkasseskur som søker meiner er høveleg som snuplass for ein mindre buss. Det vil ca. halvere gangavstanden som deira 1. klassing har frå heimen til noverande snuplass for skulebussen. Vegen frå denne staden er 243 meter til inngangsdøra.

I kommunen sitt avslag på søkeren, datert 14.11.2014, vert det slege fast at snuplassen der postkasseskuret står, ikkje er eigna til snuplass for buss.

Søker peikar på i si klage på avslaget, datert 20.11.2014, at den minibussen som vert brukt til denne skuleskyssen i dag kan snu ved postkasseskuret utan vanskar, og at dette av og til vert gjort når veret er dårleg.

Ut frå lovkravet, når det gjeld avstand, er barnet sin gangveg innafor dei to km som er maksgrense for skoleveg til eit barn som går i første årstrinn. I Opl §7-1 del 1, siste ledd vert det peika på at dersom vegen er farleg eller vanskeleg, kan barnet likevel ha rett til gratis skyss. Ut frå dei opplysningsane kommunen har etter synfaring på staden 18.01.2016, er gangvegen totalt på 493 meter. Det er ikkje veglys på strekningen, men vegen er ein endeveg med liten trafikkbelaustning så ein vurderer ikkje vegen til å være farleg.

Folkehelse

Ut fra folkehelse ynskjer ein at barn og vaksne skal være meir aktiv. Generelt veit vi at grunnlaget for fysisk aktivitet i vaksen alder blir lagt i barneåra, då skal nødvendig motorikk utviklast gjennom rørsle.

Konklusjon

Austrheim kommune opprettheldt avslag av 14.11.2014 på nytt busstopp. Avslaget er grunngjeve med at plassering av nytt busstopp ikkje er eigna for snuing av buss og at avstanden på 493 m til eksisterande busstopp fra bustada ikkje er urimeleg og ligg godt innanfor skyssgrensa på 2 kilometer. Ein vurderer ikkje vegen som farleg eller vanskeleg.